

FAGOMRÅDA I BARNEHAGEN

Barnehagen har utarbeida ein progresjonsplan med utgangspunkt i dei sju fagområda som me finn i Rammeplan for barnehagar. Fagområda skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse.

Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Barnehagen skal ta utgangspunkt i barnas engasjement i arbeidet med fagområda. Barnehagen skal bruke ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spel, bøker og musikk i arbeidet med fagområda.

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

Barna skal få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse

1 – 3 år	4-6 år
Personalet skal: ✓ Legge til rette for dans og leik med rørsle, ✓ Grovmotoriske aktivitetar ✓ Gå korte turer i nærmiljøet ✓ Utfordre barnet til lettere ulendt terreng ✓ Synger sanger med namn på kroppsdelar ✓ Tilby sunn, variert og god kost ✓ Oppfordre barnet til å eta sjølv ✓ Legge til rette for fine stunder og ro rundt måltidet ✓ Leggje til rette for «enkle» finmotoriske aktivitetar, tre store perler på snor ✓ Praktisere handvask og god handhygiene ✓ Leggje til rette for at barnet kan prøve å kle på seg sjølv med støtte og hjelp. Ta føttene inn i dressen, hente skoene sine	Personalet skal: ✓ Legge til rette for lengre turer ✓ Gå turer i ulendt terreng ✓ Legge til rette for hinderløyper og boltreleik ✓ Støtte barnet i å vera sjølvstendig i påkleding-, toalettsituasjonar og elles gjennom dagen ✓ Gje barnet varierte smakopplevingar ✓ Reflektere over kva som er sunn og usunn mat ✓ Oppfordre barnet til å smake på på ulike matrettar ✓ Støtte barnet i å vera sjølvstendig under måltidet, smøre på sjølv ✓ Gje barna varierte finmotoriske aktivitetar som klippe, male, tre på perler, lime på smådelar ✓ God bordskikk: Kan eg få, kan du sende meg Takke for maten. ✓ Ha fokus på god hândhygiene ✓ Gjennomføre førstehjelpsveke ✓ Legge til rette for hinderløype, og leik med balanse ✓ Støtte barnet i å setje ord på kjensler, og å sei i frå ✓ Jobbe med å bruke ordet STOPP for egne grenser, men og å respenktere når andre seier ifra ✓ Vera med på vanntilvenningskurs som Austevoll kommune arrangerer

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg Nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

1 – 3 år	4-6 år
Personalet skal: ✓ Bruke språket aktivt i kvardagsituasjoner, parallelsnakke ✓ Bruke enkle rim og regler med rørsle ✓ Fortelje enkle eventyr med konkretar ✓ Bruke bøker med gode bilete ✓ Sjå i bøker og snakke om bilete me ser ✓ Syngje kjære og kjendte barnesanger ✓ Setje ord på kjensler som barnet har	Personalet skal: ✓ Lese bøker for barna ✓ Fortelje og lese eventyr ✓ Bruke rim og regler, gjerne med fleire vers ✓ Støtte barnet i å bruke språk for å løyse konflikter ✓ Synge ✓ Støtte barnet i leik med skriftsspråket, rableskriving ✓ Støtte opp under tøyseord ✓ Begrepsutvikling ✓ Ha alfabetet synleg på veggen ✓ Oppmuntre barnet til å lage egne tekster og forteljinger. Den vaksne skriv ned ✓ Klappe stavinger ✓ Gjera merksam på å lytte ut framlyder i ord ✓ Støtte barnet i å setje ord på kjensler, taker og meiningar.

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Opplevingar i kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid. Barna skal støttast i å vera aktive og skape egne kunstnerariske og kulturelle uttrykk. Musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design

1 – 3 år	4-6 år
Personalet skal: ✓ Leggje til rette for ulike aktiviteter for sansleik ✓ Musikkstund ✓ Bruke rytmeinstrument ✓ Bruke gode og kjende barnesanger ✓ Bøker tilpassa aldersgruppa ✓ Tilby ulike formingsmateriell	Personalet skal: ✓ Leggje til rette for kulturelle opplevingar ✓ Tur til biblioteket ✓ Dramatisering av eventyr som er kjend for barna ✓ Støtte opp om fantasi og kreativ tenkning ✓ Leggje til rette for å bruke naturmateriell, til kreative kunsverk ✓ Gje barnet samarbeidsoppgåver ✓ Bruke song, musikk, og drama ✓ Støtte og motivere barnet til å uttrykke seg gjennom kreativitet, eller musikk

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen, og får erfaringar som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal gje barn erfaringer, og fremje forståing og lyst til å verne om naturressursane.

1 – 3 år	4-6 år
Personalet skal: ✓ Leggje til rette for meistring og glede på tur i barnehagen sitt nærmiljø ✓ Få kjennskap til ulikt vær ✓ Sanse natur, blad, stein, jord ✓ Leggje til rette for å oppdage ville husdyr, som tusselus, maur og edderkopp i naturen ✓ Skape spenning og undring over ting me finn i naturen. Vekke barna si interesse	Personalet skal: ✓ Leggje til rette for magiske naturopplevingar, ✓ Erfare syklus i naturen og skifte av årstider ✓ Bruke naturen som arena for lek, undring, utforsking og læring ✓ Gje barna tid og høve til å stille spørsmål og reflektere ✓ Bruke naturmateriale me finn i nærmiljøet til kreative konstruksjoner, eller kunstverk ✓ Kunnskap om dyr og dyreliv me finn i vårt nærmiljø ✓ Plante og bruke det i matlaging ✓ Digitale verkty ✓ Gjennomføre ulike eksperimenter med barna ✓ Fremme haldningar som ivaretek naturen. ✓ Kildesrotering ✓ Kjennskap til konsekvenser av ulik forsøpling

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.

1 – 3 år	4-6 år
Personalet skal: ✓ Leggje til rette for gruppefelleskap ✓ Bruke bordflagget ved ulike markeringer som t.d bursdager ✓ Markering av 17 mai ✓ Jobbe for gruppekjensle	Personalet skal: ✓ Jobbe for gruppekjensle ✓ Bruke barnehagebåten/ båtveit ✓ Gjera barna kjend med fiskerikulturen i Austevoll ✓ Lokalhistorie ✓ Solidaritetsaksjon ✓ Markere og vite noko om 17 mai feiringa ✓ Markere og vite noko om Samefolket, og nasjonaldagen deira ✓ Brannvernveke

MENGD, ROM OG FORM

Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleg livet, i teknologi, natur, kunst og kultur.

1 – 3 år	4-6 år
Personalet skal: ✓ Bruke song, rim og regler med teljing ✓ Fokus på namn på fargar i kvardagsituasjoner ✓ Bruk av omgrep kvardagsituasjoner ✓ Gje erfaring med ulike storleikar i omgivnadene ✓ Leik med fargar Male med ulike fargar, blande fargar	Personalet skal: ✓ Sjå til at barnet har kjennskap/forståing for matematiske omgrep (lik, ulik, former, sortering, mønster) ✓ Oppslag av tall og mengde på veggen for inspirasjon ✓ Erfaring med tall og teljing gjennom kvardagsaktiviteter ✓ Kjenne til namn på vekedager ✓ Skilje mellom omgrep som er motsetninger ✓ Kjennskap til ulike mønster ✓ Klubb for skuleartarane, læring gjennom leik ✓ Inspirere til aktiviteter der ein må tenkje matematisk,

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis me oppfattar verda og menneska.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi.

Gjennom samtaler skal barn få høve til å undre seg over, og formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.

1 – 3 år	4-6 år
Personalet skal: ✓ Hjelp barnet å helsa og vinke hadet når dei kjem/går ✓ Gje opplevingar av felleskap og tilhørighet ✓ Setje ord på kjensler til barnet ✓ Setje ord på kjensler som andre rundt barnet har ✓ Støtte opp opp deling av leiker ✓ Markere 17 mai ✓ Gje barna kjennskap til ulike merkedager, høgtider og tradisjoner i den kristne kulturarv, samt andre religioner som er representert i barnehagen	Personalet skal: ✓ Gje barna kjennskap til og markere ulike merkedager, høgtider og tradisjoner i den kristne kulturarv, samt andre religioner som er representert i barnehagen. ✓ Snakke om tradisjoner knyttet til påske og jul ✓ Markere 17 mai ✓ Markere samenes høgtidsdag ✓ Undre og filosofere over hendelser og etiske dilemmaer saman med barna. ✓ Kunne sei noko fint om andre. Hjertebarnprosjekt ✓ Lytte til andre ✓ Reflektere over egne og andre sine kjensler og opplevingar ✓